

## **Søknad om midlar til restaurering av vegen i Norddalen.**

Slepa opp Nordalen frå Osa til Hallingskeid har vore i bruk gjennom fleire tusen år. truleg har det vore ein mykje brukt sti som gradvis har fått preg av bearbeiding og utbetringar. Vi vil med dette søke om midlar for å kunne gje vegen eit løft i høve til den bruken han har i dag, og potensialet den kan få i tida som kjem. Det ligg ved ei historisk oversikt over bruken av vegen før i tida.

Slepa har aldri hatt standard som fullgod køyreveg, og har primært vore i bruk for buføring, gåande og kløvdyr. Mest opparbeidd er vegen den første delen inn dalen langs Norddølo, og går gjennom gammalt skog- og kulturlandskap med ein spesielt mangfaldig flora. Her finn ein plantar knytt til både Sibir og Sør-Europa, og gjev interessante opplevingar for dei med botanisk interesse. Ein har og mange interessante kulturhistoriske spor frå ulike periodar langs heile stien frå fjord til fjell.

Vegen er T-merka, og mykje brukt av fotturistar på veg frå eller til høgjellet, og går frå ca. 50 moh til opp mot 1300 moh på det høgste. På 1970-talet vart det bygd ein bilveg opp nabodalen «Austdalen» i samband med kraftutbygginga då. Denne vegen har blitt den mest vanlege måten å kome seg til fjells på, men her er det sterkt preg av inngrep i form av kraftliner, vegskjeringar og damanlegg lenger oppe. Gjennom Norddalen er det ingen moderne inngrep, noko som for mange gjev ei viktig kvalitet til turen.

Vegen er frå fjorden og opp eit populært utferdsmål for lokalbefolkninga og andre som oppheld seg i området. Det går og an å komme inn på stien oppe på fjellet, noko som gjev eit høve til meir fleksibel bruk, til dømes berre gå opp, eller ned. Om lag midvegs mellom fjord og fjell ligg Ossete. Det er ofte dette som er målet for dei som går frå fjorden og opp. Stølen er og ein fin rasteplass før den siste nedstiginga for dei som er på langtur.

Her er vi kome til grunnen til at vi søker om midlar. Mellom punktet «Galdane» og punktet «Budeieklypo» trengst det eit omfattande arbeid for å gjere vegen tryggare å ferdast på, og å gjere vegen tilgjengeleg for flest mogeleg. Vi ser no ei negativ utvikling av standarden på vegen. Dette skuldast at det har gått fleire jord og steinras i det våte klimaet vi har hatt dei siste tiåra. Det er og ei radikalt endra prioritering/kapasitet til vedlikehald frå næringsdrivande si side då det ikkje lenger er regelmessig bruk av vegen i den samanhengen, med unnatak av noko sauehald. Ein held vegen open, og det vert gjort reparasjonar der det er mest bruk for det.

Samstundes ser vi ei stadig større interesse for å bruke vegen til rekreasjon, trening og friluftsliv. Reiselivsverksemdar sender sine gjester opp dalen, og lokale barnefamiljar er regelmessige brukarar av vegen. Dette er positivt, men vi som tek dette initiativet ynskjer å utbetre vegen for å gjere det tryggare og lettare å bruke vegen.

Til å utføre arbeidet er vårt forslag å bruke kompetansen og den unike arbeidskapasiteten Nepalske arbeidslag dei siste åra har vist i slike prosjekt. Vi har henta inn tilbod på utbetring av det nemnte stykket, og legg ved eit kostnadsoverslag frå Stibbyggjaren A/S, ved Geirr Vetti.

Det er oppretta eit «venelag» spesielt for prosjektet. Dette ser vi for oss vil halde fram med tilsyn og vedlikehald etter ei eventuelt opprusting av vegen. Vi vil og bidra med lokal kunnskap og dialog med til dømes vernemyndigheiter innan både natur og kultur. Utan at vi på noverande tidspunkt har konkrete planar ser vi og for oss at ein gjennom venelaget kan arrangere og legge til rette for fellesturar og aktivitetar for mange brukargrupper.

Slepa mellom Osa og Hallingskeid er registrert som eit automatisk freda kulturminne og del av nordmanns slepene. Det tyder at ein ikkje kan gjera tiltak på stien utan løyve frå

kulturminnemynda. Det er såleis teke kontakt med Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Dei er positive til tiltaket, og vil i løpet av hausten ta ei synfaring av slepa.

Slepa har mange aktuelle brukarar. Ein kan ta toget til Hallingskeid og rekke ned til fjorden på ein dagstur. Lokalbefolkninga er nemnt, men det er truleg ein større nærmarknad for dagsturar begge vegar. På Hallingskeid er det DNT-hytte, og i Ulvik er det fleire overnattingsstader, samt bussforbindelse til jernbanen på Voss. Slepa opp Nordalen har mist dei same kvalitetane som dei tungt marknadsførte turane som i dag trekk til seg tusenvis av turistar. Utan at det er eit vesentleg siktemål for dette initiativet, nemner vi det i samband med tryggleik. Vegen vert alt brukt av mange, men dei fleste av dagens brukarar er vane med, og utstyrt for terreng. Med tilrettelegging og utbetringar kan slepa brukast av mange fleire. Per i dag er det ikkje heilt trygt, slik vi ser det.

Osa 01.09.2016

Venelaget for slepa mellom Osa og Hallingskeid